

- Sand-prosjektet vil utløysa Børnes-regulering**05.01.2009**

Området ned mot kaia på Børnes er no oppteke og turen er kome til området oppover mot riksvegen. Her er det eit stort potensiale, men til dette området har det førebels ikkje meldt seg interessentar. Det som ville utløyse dette er at sand-prosjektet til Myklebust-brørne vart realisert.

Det er eigedomskonsulent Jarle Fosssheim som gjev uttrykk for dette når uskedalen.no bed om ein statusrapport for Børnes ved årsskiftet.

I den seinare tid har dette vore det einaste industriområde i Kvinnherad som kommunen eig og som den kan dela ut tomter frå.

Det har da også skjedd etter at det vart ein 'ny giv' for Børnes i samband med siste val. Det er gjort ein innsats av fleire for å rydda opp og nye arealar er selde.

Dei siste som har overteke ny tomtegrunn i området er Rune Hjønnevåg, Tore Vevik og Sindre Stensletten og dermed er det ikkje meir ledig areal nedover mot kaia.

- Men kva skal til for å 'ta hol på' området oppover mot riksvegen, Fosssheim?

- Den gamle reguleringsplanen må 'vaskast', den harmonerer ikkje med dagens verkelegheit.

Den visar til dømes ikkje den nye vegen ned mot fjorden som må anleggast viss sandutskipingsplanane til Myklebust-brørne blir til verkelegheit.

Blir dei det, vil det setta fortgang i arbeidet med ein ny plan slik at området opp mot riksvegen kan utløysast, seier Fosssheim.

Sanddrift-planane ventar framleis på ei politisk avklaring og då i første omgang via ein konsekvensanalyse.

Av Ola Matti Mathisen